


# Skyvedekke

*Vestlandsfjella er fine å vandra i. I kambrosilurtida var det fjella sjølve som var på vandring. Fjella, eller snarare berggrunnen, flytta seg først austover, for sidan å trekkja seg litt vestover att. Først for om lag 400 millionar år sidan vart det slutt på all denne rekinga fram og attende av fjellheimen.*

**D**å dei enorme bergartsflaka, skyvedekka, kom sigande inn over grunnfjellet i Hordaland, med ein fart på kanskje nokre centimeter i året, hadde dei alt lagt bak seg ei vandring frå vest eller nordvest på fleire titals kilometer eller meir. Omkalfaringa av jordskorpa kom av dei sterke krefte som pressa Noreg og Grønland saman, den kaledonske fjellkjedefaldinga (①32).

Dei underste av desse skyvedekka, *Undre* og *Øvre Bergsdalsdekke*, er vel forvarte i Bergsdalsområdet og vidare mot Kvamskogen og vossafjella. Det var professor ANDERS KVALE som gav namn til skyvedekka, og som gjorde Bergsdalen internasjonalt kjend blant ein generasjon av geologar. Kvale argumenterte for at vandringa av dekkka skjedde mot aust, bort frå kollisjonssona. Denne teorien er framleis allment akseptert. Seinare forskning




*Snitt og terrengmodell med geologiske einingar; grunnfjell, fyllitt og Øvre og Undre Bergsdalsdekke, for områda nordanfor ei linje frå Osterøy til Hardanger. Bergsdalsdekka er òg grunnfjell, men dette grunnfjellet er flytta på under den kaledonske fjellkjedefaldinga og skil seg frå grunnfjellet under. Raud farge: granitt, gabbro og liknande størkningsbergartar. Oransje farge: kvartsitt og omdanna lavabergartar.*

(Grafikk: Haakon Fossen)

av Bergsdalsdekka har likevel vist at flyttesoga er meir komplisert enn Kvale trudde. Ein trur no at flaka vandra vestover att, etter at rørsla mot aust vart fullbyrda. Attendeturen skjedde etter at kontinentkollisjonen var over og kollisjonskrefte hadde ebba ut.

Moteffekten av den første rørsla kan samanliknast med det som skjer når ein stor kjelke blir skyvd opp ein snøtunga bakke. Når skyvekrafta blir fjerna, vil kjelken kunna skli attende eit stykke, inntil han køyrer seg fast i snøen. Då Bergsdalsdekka

sklei attende vestover, halla berglaga svakt mot vest eller nordvest, i skliretninga. Like etter at skyvedekka hadde sett seg fast i grunnen, vart berglaga under roterte, slik at dei no hallar mot sør-aust.



*Kjerringafjellet i horisonten er bygt opp av bergartar frå Undre Bergsdalsdekke. Ved Grønestad i framgrunnen er det fyllitt i dei grøne bakkane. (Svein Nord)*



## SKYVEDEKKE

*Skyvedekke er store flak av berggrunnen som blir rivne laus og skyvde kilometervis av garde. Dei oppstår når jordskorpa blir pressa saman under fjellkjedefaldningar, og blir gjerne stabla i høgda. I mange tilfelle glir dei over eit mjukare og svakare bergartslag, slik som fyllittlaget i Sør-Noreg, som verkar som glide-middel.*

## TROLLSKOGEN PÅ MOASTØLEN

*Vandrar vi på den gamle militærvegen frå Småbrekkene i Bergsdalen og innover i fjellet, kjem vi til MOASTØLEN etter om lag 2 kilometer. Boane ligg på tjukke lag av lausmassar. Lausmassane kjem frå Moagelet, det store elvegjelet like ovanfor stølen. Desse massane gir god grobotn for skogen – bjørkeskogen er derfor mykje frodigare på Moastølen enn i det skrinne fjellområdet like ved. Mange av trea er uvanleg grovaksne, med stammediameter på opptil 70 centimeter. Fleire stammer er morkne i veden, eller heilt uthola. Alderen er uviss, men det er ikkje utenkjeleg at somme tre er over 200 år gamle. Bjørka har fått utvikla seg fritt, og nokre av trea har til slutt brote saman av alderdom.*

*Det er sjeldan å sjå slik tilårskomen bjørk, særleg i nærleiken av eit stølsområde. Det var støling på Moastølen fram til 1910, og dyra må ha beita mellom dei gamle bjørkene. Då drifta på stølen tok slutt eller beitinga vart redusert, byrja skogen å gro att. Den nye generasjonen bjørk står derfor mykje tettare enn dei om lag hundre «oldingane» i trolls skogen. (Foto: Bjørn Moe)*

